



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Skjerdalskraft AS
v/Harald Skjerdal
Skjerdalsveien 116
5745 AURLAND

Dykkar ref

Vår ref
16/2243-

Dato
29. november 2018

Skjerdal kraftverk i Aurland kommune - klagesak

Skjerdalskraft AS klaga den 18.03.2016 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt avslag av 26.02.2016 på søknad om løyve til å bygge Skjerdal kraftverk.

NVE har vurdert klaga utan å finne grunn til å gjere om sitt vedtak, og har sendt saka til departementet i brev av 04.05.2016.

1. Bakgrunn

Skjerdalskraft AS søkte 24.11.2014 om løyve til å bygge Skjerdal kraftverk. Kraftverket vil etter opplysningane i klaga nytte eit fall på 645 m frå inntaket på kote 655 i Storelvi ned til kraftstasjonen på kote 10. Kraftverket vil ha ei maksimal slukeevne på 1,3 m³/s, som utgjør 224 % av middelvassføringa, og ein installert effekt på 7,2 MW. Årleg produksjon er berekna til om lag 20,2 GWh. Det skal etter planen sleppast ei minstevassføring på 90 l/s i perioden frå 1. mai til 30. september og 30 l/s resten av året.

NVE har kunngjort søknaden og sendt den på høyring. **Aurland kommune** er positive til søknaden om Skjerdal kraftverk. **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane** har motsegn til søknaden med grunngjeving i konsekvensane for naturmiljø og landskap. **Sogn og Fjordane fylkeskommune** rår til at det vert gitt løyve. **Statens vegvesen** har merknader knytt til forhold til veglova. **Direktoratet for mineralforvaltning** har ingen merknadar. **SFE Nett** informerer om at det er avgrensa kapasitet i regionalnettet. **Sogn og Fjordane turlag** meiner at hovudalternativet kan akseptrast. **Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane** meiner at Skjerdal kraftverk kan akseptrast. Fleire av høyringspartane er positive til tiltaket på visse føresetnader, m.a. at kraftstasjonen plasserast ovanfor nedste fossen i tillegg til at minstevassføringa må aukast og at alternativ 2 blir avslege.

Postadresse
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo
postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse
Akersgata 59
oed.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
977 161 630

Avdeling
Energi- og
vannressursavdelinga

Saksbehandlar
Steinar Pettersen
22 24 61 39

2. NVE sitt vedtak

NVE har samanfatta si vurdering av saka som følgjer i "KSK-notat 10/2016 Bakgrunn for vedtak Skjerdal kraftverk":

"Storelvi renn sørvestover gjennom Skjerdalen og munnar ut i Aurlandsfjorden nord for Aurlandsvangen i Aurland kommune. Aurlandsfjorden er del av Verdsarvområdet vestnorsk fjordlandskap og Skjerdalen ligg eksponert ut mot fjorden i fleire retningar. Sognefjorden og Aurlandsfjorden er å rekne som eit internasjonalt kjent reisemål og svært mange turistar kjem sjøvegen til Flåm. Tiltaket vil etter NVE si vurdering føre til svært store inngrep i eit fjordlandskap med stor verdi. Røyrgate, veg, kraftstasjon og fråføring av vatn vil utgjere varige inngrep i eit velhalde kulturlandskap og i fjordlandskapet. NVE meiner at tiltaket er direkte i konflikt med OED sine retningslinjer om fjordlandskap med stor verdi, og at ulempene ikkje kan avbøtast i tilstrekkeleg grad til at tiltaket kan akseptast. Samla sett meiner NVE at ulempene med Skjerdal kraftverk overstig fordelane i form av ny energiproduksjon."

3. Klaga

Skjerdalskraft AS har summert opp klaga som følgjer:

"Skjerdal kraftverk (SK) klagar med dette på NVE sitt avslag til Olje- og energidepartementet. Vi er ikkje einige i NVE si vurdering av konsekvensane av dette prosjektet, og for oss kan det sjå ut som at nærleiken til Nærøyfjorden og Unesco-området her har vore avgjerande for utfallet av saka. Vi er også overraska over at det verkar som NVE, i motsetnad til Naturvernforbundet i S&F og vertskommune Aurland, tar det flotte landskapet som framkjem i og rundt Skjerdal i dag for litt «for gitt». Dette landskapet har framkome fordi grunneigarar opp gjennom tida har fått drive med landbruks- og næringsverksemd (også tidlegare kraftverksdrift) som har vore med og forma området slik det framstår i dag. Vi fryktar at dette vedtaket, som stoppar det som ville vera ei viktig tilleggsnæring for grunneigarane i Skjerdal, vil gjere det utfordrande å oppretthalde eit godt nok næringsgrunnlag i Skjerdal for framtida, slik at dette vedtaket er med å stimulere til det motsette av det som vi oppfattar har vore intensjonen her."

4. Departementet si behandling av klagen og reviderte utbyggingsplanar

Departementet var på synfaring av tiltaksområdet den 12.06.2018. På synfaringa opplyste tiltakshavar at planar for ny utbyggingsløyising ville bli lagt fram for departementet, og reviderte planar låg føre 02.10.2018.

Etter reviderte planar skal vassvegen mellom inntak på kote 655 og kraftstasjon på kote 10 etablerast som bora tunnel på heile strekninga. Kai ved Aurlandsfjorden skal rustast opp, og frå denne skal det byggjast ein mellombels veg til kraftstasjonen. Tunnelmassane skal fraktast bort med båt/lekter. Installert effekt blir som i opphawelege planar, og berekna årleg produksjon blir 20,0 GWh. Slepp av minstevassføring på sommaren aukast frå 90 l/s, som oppgjeve i dei opphawelege planane, til 190 l/s, som er på nivå med 5-persentilen for sesongen.

Departementet sendte revidert plan på ei avgrensa høyring, og det er kome fråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Direktoratet for mineralforvaltning, Statens vegvesen, SFE Nett AS og Lustrabaatane AS. Tiltakshavar har opplyst at Aurland kommune behandla saka i kommunestyret den 01.11.2018.

Aurland kommune fatta følgjande vedtak den 01.11.2018:

"Aurland kommune er positive til føreliggande plan, omtala som «Fullstendig borealternativ», for bygging av Skjerdal kraftverk. Aurland kommune tilrådde å setje vilkår for utbygging av kraftverk i Skjerdal i sin høyringsuttale i 2015. Desse vilkår er no teke omsyn til, og Aurland kommune meiner det ikkje er trong for å sette ytterlegare vilkår. Samrøystes"

Sogn og Fjordane fylkeskommune trekkjer følgjande konklusjon i si fråsegn av 02.11.2018:

"Skjerdal utgjer ein del av det store landskapsrommet for dei som ferdast med båt på Aurlandsfjorden. Tiltak som vert lett synleg frå fjorden får konsekvensar for opplevinga av fjordlandskapet. Dei justerte planane gjer at utbygginga av Skjerdal kraftverk får ei langt betre tilpassing til landskapet enn det som går fram av tidlegare planer. Då ei utbygging vil kunne få negative konsekvensar for opplevinga av landskapet og landskapsforståinga er det likevel viktig at det under utbygging vert lagt vekt på landskapstilpassing og lagt til rette for at inngrepa knytt til tiltaket visuelt vert dempa over tid.

Framlegg til revidert plan frå Skjerdal kraft kjem som eit tilsvaret frå forslagsstillar på avslag på søknaden frå NVE. Det nye framlegget er basert på at ny teknologi gjer det mogleg å gjennomføre tiltaket med boring av vassveg som tunnel i fjell frå planlagt kraftstasjonsplassering. Års-produksjonen er den same (20,0 GWh mot 20,2 GWh i opprinneleg søknad). Utbyggingskostnaden aukar noko, men i og med at tiltakshavar likevel ønskjer å gå vidare, føreset vi at auken er sett på som akseptabel. Endringsframlegget tek opp i seg dei føresetnadane fylkesutvalet hadde for å vere positive til tiltaket."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gitt følgjande fråsegn i brev av 22.10.2018:

"[...]

Med vassveg i fjell, bortkøyning av massane, kraftstasjon ovanfor fossen ved utløpet i fjorden slik at den synlege delen av elva renn naturleg ut i Aurlandsfjorden, mellombels anleggsveg til kraftstasjonen, ikkje bygging av veg ovanfor dagens traktorveg, og auka minstevassføring om sommaren, har tiltakshavar imøtekome våre viktigaste innvendingar til konsesjonssøknaden. Føresett god landskapstilpassing for kaianlegget og kraftstasjonen, at kraftstasjonen vert bygd etter lokal byggjeskikk og ikkje vert større enn nødvendig, og at det ikkje vert bygd veg ovanfor dagens traktorveg på kote 450, vurderer vi at dei varige inngrepa ikkje vil verte dominerande element i fjordlandskapet og kulturlandskapet.

Fylkesmannen meiner at ei utbygging etter den justerte planen vil vere akseptabel for interesser knytt til eit nasjonalt fjordlandskap, viktig kulturlandskap i Skjerdalen, naturmiljø- og friluftsimteresser. Vi vurderer at utbygginga ikkje kjem i konflikt med verdsarvstatusen i Nærøyfjord-området med Aurlandsfjorden.

Direktoratet for mineralforvaltning tilrår i brev av 24.10.2018 at det gjerast ei vurdering av bruk av tunnelmassane, men har elles ingen merknader.

Statens vegvesen har i brev av 10.10.2018 merknader knytt til forhold til veglova.

SFE Nett AS har i e-post den 16.10.2018 opplyst av dei ikkje har nye merknader til utbyggingsplanane.

Lustrabaatane AS er i fråsegn av 02.11.2018 ikkje samd i at Skjerdal kraftverk vil ha negativ innverknad på turismen i området. Departementet siterer elles frå fråsegna:

"Ikkje berre i Verdsarvfjorden men jamt over er det stort fokus på det grønne skiftet. Turismen rettar stor merksemd mot dette, og dei reisande ynskjer å benytte grønne alternativ. Dei ynskjer å oppleve og i størst mogeleg grad benytte bærekraftige produkt. Det er eit salsfortrinn å skilta med bærekraft. Eit anlegg som Skjerdal kraftverk kan potensielt tilpassast til å levera hydrogen ikkje verre til våre fartøy men til dei fartøy i området som ynskjer å benytte den teknologien. Skjerdal er i dag ikkje ein av stadane det blir guida eller fortalt nevneverdig om, men eit slikt anlegg vil gjera Skjerdal til eit eksempel på kva det grønne skiftet er. Eit tilpassa landskapsinngrep som me opplever dette er, vil vera viktig for framtidig busetnad og pleie av kulturlandskap på Skjerdal. Dette vil i stor grad opplevast og vurderast positivt for og av turistnæringa."

Skjerdalskraft AS har i brev av 09.11.2018 kommentert fråsegnene. Departementet siterer frå oppsummeringa:

"Vi registrerer at både kommunen, Fylkesmannen, Fylkeskommunen, S&F Turlag og Naturvernforbundet i S&F med justeringane som ligg føre i nokre avbøtande tiltaket er positive til prosjektet. Vi registrer også at Lustrabaatane AS, som driv transport av turistar på fjorden, meiner det var feil av NVE å avslå prosjektet og at tiltaket vil opplevast positivt av turismen.

Vi er spesielt glade for at FM ser at den justerte løysinga ikkje kjem i konflikt med landskap/verdsarvstatus slik dei har påpeika tidlegare i søknadsprosessen. "

5. Departementet sine merknader

Løyve til Skjerdal kraftverk kan bli gitt om "fordelene overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser", jf. vassressurslova § 25, fyrste ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane frå klagar som er naudsynt for å grunngje avgjerda. Departementet kan også ta omsyn til andre forhold som ikkje er tatt opp av klagaren.

Samfunnsnytte og prissette verknader

Skjerdal kraftverk kan etter justert utbyggingsplan produsere om lag 20 GWh i eit gjennomsnittleg år. Vinterproduksjonen utgjør om lag 32 %. Spesifikk utbyggingspris blir 4,08 kr/kWh basert på kostnadstal frå søkjar i revidert utbyggingsplan. NVE har på førespurnad frå departementet berekna spesifikk utbyggingspris til 4,55 kr/kWh.

Departementet har rekna på noverdien av prosjektet basert på søkjar sine opplysningar om investeringskostnadane, forventa driftskostnader, produksjon og elsertifikatpris, samt eit utfallsrom for kraftprisen slik NVE i oktober 2018 har modellert denne fram mot 2030 (høg/lav/basis). Departementet finn at prosjektet har positiv noverdi om ein legg NVE si basisprisbane til grunn ved ei utbygging. Dette gjeld også om ein legg NVE sine kostnadstal til grunn. Departementet presiserer at det i denne fasen normalt er stor uvisse når det gjeld faktisk produksjon og kostnader, og at det også er stor uvisse knytt til kraftprisutviklinga fram i tid.

Noverdien av prosjektet inngår i departementet si vurdering av prosjektet sine samla fordelar og ulemper. Departementet vil understreke at dei samla verknadene av tiltaket ikkje er avgrensa til dei som ein kan fastsetje prisen på. Tiltaket vil også ha verknader på mellom anna på landskap og naturmangfald. Departementet ser også på desse, og tar stilling til om tiltaket samla sett kan vurderast som samfunnsøkonomisk lønnsamt, gitt uvisse i dei prissette verknadane.

Landskap

NVE har lagt stor vekt på omsynet til fjordlandskapet og kulturlandskapet i Skjerdalen i sitt avslag. Ved etablering av vassvegen i tunnel på heile utbyggingsstrekninga, vil NVE sine argument for å avslå søknaden om Skjerdal kraftverk langt på veg falle vekk. Departementet legg også til grunn at Fylkesmannen har trekt si motsegn og no kan akseptere ei utbygging etter dei justerte planane.

Dei fysiske inngrepa ved utbygging av Skjerdal kraftverk vil no berre vere knytt til inntaket og kraftstasjonen. Inntaket skal byggjast veglaust, og vil i liten grad vere synleg på avstand. Departementet meiner at dette ikkje vil råke kulturlandskapet i Skjerdalen negativt i nemneverdig grad.

Kraftstasjonen skal plasserast på kote 10. Dette inneber at den nedste fossen ikkje vil bli rørt av utbygginga. Departementet har merka seg at fleire høyringspartar har hatt merknader knytt til dette forholdet, som no er imøtekomne.

Inngrepa knytt til kraftstasjonen med tilhøyrande vegløyning var grundig omtalt av NVE, og det var landskapsverknadane knytt til fjordlandskapet som særleg var drøfta i avslaget. Det er departementet si oppfatning at den løysinga som no er presentert, i avgrensa grad vil påverke fjordlandskapet i driftsfasen. Landskapsverknadane vil bli relativt omfattande i anleggsperioden, men forholda ligg til rette for at istandsettinga av anleggsområdet blir akseptabel.

Med dei føresetnadane som går fram av dei siste planane, meiner departementet at utbygging av Skjerdal kraftverk i tilstrekkeleg grad tek omsyn til fjordlandskapet og kulturlandskapet i Skjerdalen.

Forholdet til naturmangfaldlova

Reglane i naturmangfaldloven § 7 og prinsippa i same lov §§ 8-12 blir lagt til grunn som retningslinjer for vedtak etter vassressurslova. Departementet syner i den samanheng til forvaltningsmåla for naturtypar, økosystem og artar i naturmangfaldloven §§ 4 og 5. Disse forvaltningsmåla blir teken i akt ved departementet si behandling etter m.a. vassressurslova.

I tråd med naturmangfaldlova § 8, første ledd, om kunnskapsgrunnlaget, bygger departementet sin vurdering mellom anna på følgjande:

- Søknad av 24.11.2014 med tilhøyrande rapport om verknader for biologisk mangfald.
- Notat om revidert utbyggingsløyising av 02.10.2018.
- Innkomne fråsegn.
- NVE sin vurdering i KSK-notat nr. 10/2016 Bakgrunn for vedtak Skjerdal kraftverk.
- Søk i aktuelle databaser, som Miljødirektoratets naturbase.

I NVE si behandling av søknaden om Skjerdal kraftverk, blei det lagt til grunn at det var noko uvisse om det biologiske mangfaldet langs Storelvi, og at tiltaket ville kunne røre ved ei bekkekløft som ikkje var registrert i samband med kartlegginga av det biologiske mangfaldet. Bekkekløfta er lokalisert nedanfor samlaupet med Leimsdøla. Det er etter departementet sitt syn utover dette ikkje kjend at det er andre spesielle naturtypar eller truga artar som vil bli rørt av Skjerdal kraftverk etter revidert utbyggingsplan.

Etter departementet sin vurdering vil Skjerdal kraftverk ha avgrensa og akseptable ulemper for naturmangfald.

Departementet finn at tiltaket er godt nok opplyst ved gjennomførte utgreiingar og høyringar til at vedtak kan bli gjort. Departementet syner til at materialet er forventa å gi den kunnskapen som er naudsynt om utbreiing av naturtypar og artar og den økologiske tilstanden i området. Også verknadane av utbygginga er godt nok opplyst. Etter departementet si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfald og verknadar på naturmangfald. Føre var-prinsippet blir ikkje tatt i bruk.

Prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning inneber at ein må ha kunnskap òg om andre tiltak og påverknader på økosystemet slik at ein kan identifisere den samla belastninga. Departementet finn at ei utbygging av Skjerdal kraftverk vil ha akseptabel og avgrensa verknad på den samla belastninga for naturmangfald i vassdraget og i regionen.

Når det gjeld prinsippet om at tiltakshavar skal dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket fører til, syner departementet til at det i et løyve blir sett vilkår om naturforvaltning mv. som sørgjer for at dette er ivareteke.

Departementet har tatt utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering som ut frå ei samla vurdering og avveging av tidlegere, noverande og framtidig bruk gir dei beste samfunnsmessige resultata. Vassveg i tunnel og kraftstasjonsplassering på kote 10 inngår i denne vurderinga.

Oppsummering

Skjerdal kraftverk vil etter dei justerte planane kunne bidra med om lag 20,0 GWh fornybar energi årleg. Tiltaket vil kunne gi varige inntekter til søkjar, grunneigarane og kommunen, samt positive ringverknader lokalt.

Storelvi i Skjerdalen munnar ut i Aurlandsfjorden nord for Aurland. Nedre del av dalføret ligg eksponert mot fjorden, som er ein del av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Også kulturlandskapet i Skjerdalen har vesentlege kvalitetar.

Utbyggingsplanane slik dei no ligg føre vil etter departementet sitt syn i avgrensa grad røre ved landskapsverdiane, både knytt til fjordlandskapet og oppover i Skjerdalen.

Etter ei heilskapleg vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved bygging av Skjerdal kraftverk er større enn skadane og ulempa for allmenne og private interesser. Vilkåret for å gje konsesjon er soleis oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

6. Departementet sitt vedtak

Klaga frå Skjerdalskraft AS blir teken til følgje. Departementet vurderer at tiltaket etter revidert utbyggingsplan vil gi større fordelar enn ulemper for private og allmenne interesser, jf. vassressurslova § 25.

Det gis løyve til bygging og drift av Skjerdal kraftverk på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, første punktum.

7. Departementet sine merknader til vilkår og andre forhold

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til energilova

Skjerdal kraftverk skal knytast til eksisterande nett via ein om lag 100 m lang jordkabel. Verknadane av tilknytingskabelen inngår i departementet si heilskaplege vurdering av planane.

Det går ikkje fram av søknaden, tilleggsinformasjon eller NVE si behandling av saka om søker ønsker eigen anleggskonsesjon. Utbygging kan ikkje skje før avklaring og eventuelle avtalar om nettilknytning er på plass. Det er også uavklart om det er tilgjengeleg kapasitet i nettet. NVE vil ikkje behandle detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet i nettet og at kostnadsfordelinga ved tilknytning til nettet er avklart. Slik dokumentasjon må føreligge samtidig med innsending av detaljplanar for godkjenning, jamfør post 4 i vilkåra for løyvet.

Forholdet til plan- og bygningslova

"Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker" gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til forureiningslova

Det må søkjast til Fylkesmannen om naudsynt avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. Departementet har ikkje myndigheit til å gi vilkår etter forureiningslova.

Forholdet til vassforskrifta

Etter vassforskrifta § 12 kan nye fysiske inngrep bli gjennomført i ein vassførekomst sjølv om miljøtilstanden blir svekka om:

"...

- *alle praktisk gjennomførbare tiltak settes inn for å begrense negativ utvikling i tilstanden for vannforekomsten,*
- *samfunnsnyttan av de nye inngrepene eller aktivitetene er større enn tapet av miljøkvalitet og*
- *formålet med de nye inngrepene kan ikke med rimelighet oppnås kostnadseffektivt på andre miljømessig bedre måter.*

Etter departementet sitt syn viser vurderingar av tiltaka i lys av prinsippa i naturmangfaldlova at kraftverka har akseptable konsekvensar for vassmiljøet. Det er vidare fastsett pålegg om tiltak for å redusere verknadane. Føremålet med utbygginga er å auke produksjonen av fornybar elektrisitet. Kraftverket vil òg gi inntekter til grunneigarar og kraftutbyggjar. Departementet finn at fordelane utbygginga gir ikkje kunne vore oppnådd så kostnadseffektivt på andre måtar miljømessig sett. Departementet vurderer vilkåra i vassforskrifta § 12 som oppfylte med dei avbøtande tiltaka og med dei minstevassføringane som er fastsett.

Merknader til vilkåra for løyvet etter vassressurslova:

Post 1: Vasslepp

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden:

Middelvassføring	l/s	580
Alminneleg lågvassføring	l/s	90
5-persentil sommar	l/s	190
5-persentil vinter	l/s	30
Største slukeevne	l/s	1300
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	224
Minste driftsvassføring	l/s	60

Søkar har lagt til grunn at det skal sleppast minstevassføring på nivå med 5-persentilane for sommar- og vintersesongen. Dette inneber ein auke i sommarsesongen frå 90 l/s til 190 l/s i forhold til opphavelag plan. I sine merknadar til denne, peika Aurland kommune, Sogn og Fjordane Turlag og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane alle på at minstevassføringa måtte aukast. Dette er søkt imøtekome i justert plan.

Departementet vil peike på restfeltet til Skjerdal kraftverk etter måten er stort. Dette utgjer i alt 8,6 km², og Leimsdøla sitt felt utgjer ein vesentleg del av dette. Leimsdøla har samlaup med Storelvi på om lag kote 265, og det er på strekningen nedstraums samløpet at Storelvi utgjer ei mogleg bekkekløft. Departementet meiner ut frå dette at ei minstevassføringa på nivå med 5-persentilene vil vere tilstrekkeleg for å taka omsyn til biologisk mangfald og landskap.

Departementet fastset at det skal sleppast ei minstevassføring på 190 l/s i perioden 1. mai - 30. september og 30 l/s resten av året.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Teknisk løysing for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE gjennom detaljplanen. Data skal leggjast fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Dersom tilsiget er mindre enn kravet til minstevassføring, skal heile tilsiget sleppast forbi.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det bli sett opp skilt med opplysningar om krav til vasslepp som er lett synleg for ålmenta. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilt.

Departementet vil presisere at start-/stoppkjøring av kraftverket ikkje skal førekomme. Kraftverket skal kjørast jamt og i takt med tilsiget.

Post 4: Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planar skal føreleggast NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før arbeidet settast i gang.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam og vassveg kan settast i gang, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak fatta. Konsekvensklassa er bestemmende for sikkerheitskrava som stilles til planlegging, bygging og drift og må derfor være avklart før arbeidet med tekniske planer startar. NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til handsaming før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

NVE vil ikkje godkjenne planane før det er dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet i nettet og at kostnadsfordelinga er avklart, jamfør merknadane under avsnittet "Forholdet til energilova".

Departementet synar og til merknadane i vilkåras post 6 nedanfor, om kulturminne.

I tabellen nedanfor blir føringar og krav som ligg til grunn for løyvet summert opp. Det kan likevel førekome at det er gitt føringar andre stadar i departementet si drøfting som ikkje går fram av tabellen. Departementet vil presisere at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

Departementet har gitt løyve på følgjande føresetnadar:

Inntak	Inntak skal plasserast på kote 655 slik det går fram av søknaden.
Vassveg	Vassveg skal etablerast som bora tunnel på heile strekninga.
Kraftstasjon	Kraftstasjonen skal plasserast på kote 10, oppstraums den nedste fossen i Storelvi. Dette kan ikkje endrast i detaljplan.
Største slukeevne	Søknaden oppgjer 1300 l/s.
Minste slukeevne	Søknaden oppgjer 60 l/s.
Turbin	Søknaden oppgjer 1 pelton.
Installert effekt	Søknaden oppgjev 7,18 MW. Installert effekt kan tilpassast innafor rammene som største og minste slukeevne set.
Kraftleidning	Tilknyting til eksisterande nett skal etablerast som jordkabel.
Vegar/Transportanlegg	Inntak skal etablerast veglaust. Etablering av nedre riggområde for tunnelboring, kraftstasjon og transport av massar skal skje via kai ved fjorden på midlertidig anleggsveg. Anleggsvegen skal i samsvar med søknaden tilbakeførast til køyresterkt terreng etter avslutta anleggsperiode.
Andre avbøtande tiltak	Tunnelmassar skal fraktast bort på båt/lekter. Bruk av massane eller deponering avklarast i detaljplan.

Det skal leggjast stor vekt på å tilpasse tiltaket til naturleg terreng og landskap. Dersom det ikkje er oppgjeve spesielle føringar i tabellen over kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med konsesjon og/eller planer godkjent av NVE, slik som planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett til el-sertifikat. Dersom det er endringar skal dette gå tydelig frem ved oversending av detaljplanane.

Post 5: Naturforvaltning

Pålegg i medhald av denne posten må vere knytt til skader av utbygginga, og kostnadene ved pålegget må stå i rimeleg forhold til tiltaket sine skadeverknader og til nytta av pålegget.

Post 6: Automatisk freda kulturminner

Departementet føreset at utbyggar tar den naudsynte kontakta med fylkeskommunen for å avklare forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom det støytast på kulturminne i byggefasen, jf. kulturminnelova § 8.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Steinar Pettersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Vedlegg: Vilkår for løyvet

Kopi

Aurland kommune
Direktoratet for mineralforvaltning
Lustrabaatane AS
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane Turlag
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Norges vassdrags- og energidirektorat
SFE Nett AS
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Statens vegvesen vest

Vilkår etter vannressursloven § 8 for tillatelse til bygging og drift av Skjerdal kraftverk i Aurland kommune gitt av Olje- energidepartementet 29.11.2018.

1. Vannslipping

Det skal slippes en minstevannføring på 190 l/s i perioden 1. mai - 30. september, og 30 l/s resten av året. Dersom tilsiget er mindre enn kravet til minstevannføring skal hele tilsiget slippes forbi. Kraftverket skal i slike tilfeller ikke være i drift.

Kraftverket skal til enhver tid kjøres etter tilsiget, alle endringer skal skje gradvis, og typisk start-/stoppkjøring skal ikke forekomme.

Det skal etableres måleanordning for registrering av minstevannføring. Dataene skal forelegges NVE ved forespørsel.

2. Bortfall av konsesjon

Konsesjonen faller bort hvis ikke arbeidet er satt i gang senest fem år fra konsesjonens dato og fullføres innen ytterligere fem år jf. vannressursloven § 19 og vassdragsreguleringsloven § 15. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kan forlenge fristen med inntil fem nye år. I fristene regnes ikke den tid som på grunn av særlige forhold (vis major), streik eller lockout har vært umulig å utnytte.

3. Konsesjonærs ansvar ved anlegg/drift m.v.

Konsesjonæren plikter å påse at han selv, hans kontraktører og andre som har med anleggsarbeidet og kraftverksdriften å gjøre, unngår ødeleggelse av naturforekomster, landskapsområder, fornminner m.v., når dette er ønskelig av vitenskapelige eller historiske grunner eller på grunn av områdenes naturskjønnhet eller egenart. Dersom slike ødeleggelser ikke kan unngås, skal rette myndigheter underrettes i god tid på forhånd.

4. Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Konsesjonæren plikter å legge fram for NVE detaljerte planer med nødvendige opplysninger, beregninger og kostnadsoverslag for reguleringsanleggene. Arbeidet kan ikke settes i gang før planene er godkjent. Anleggene skal utføres solid, minst mulig skjemmende og skal til enhver tid holdes i full driftsmessig stand.

Godkjenning av planer og tilsyn med utførelse og senere vedlikehold og drift av anlegg og tiltak som omfattes av denne post er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med dette dekkes av konsesjonæren.

Konsesjonæren plikter å planlegge, utføre og vedlikeholde hoved- og hjelpeanlegg slik at det økologiske og landskapsarkitektoniske resultat blir best mulig.

Kommunen skal ha anledning til å uttale seg om planene dersom det er avvik av betydning i forhold til det som fremgår av konsesjonssøknaden.

Konsesjonæren plikter å skaffe seg varig råderett over tipper og andre områder som trengs for å gjennomføre pålegg som blir gitt i forbindelse med denne post.

Konsesjonæren plikter å foreta en forsvarlig opprydding av anleggsområdene. Oppryddingen må være ferdig senest 2 år etter at vedkommende anlegg eller del av anlegg er satt i drift.

Hjelpeanlegg kan pålegges planlagt slik at de senere blir til varig nytte for allmennheten dersom det kan skje uten uforholdsmessig utgift eller ulempe for anlegget.

Ansvar for hjelpeanlegg kan ikke overdras til andre uten NVEs samtykke.

NVE kan gi pålegg om nærmere gjennomføring av plikter i henhold til denne posten.

5. Naturforvaltning

I

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet

- a. å sørge for at forholdene i Storelvi er slik at de stedegne fiskestammene i størst mulig grad opprettholder naturlig reproduksjon og produksjon og at de naturlige livsbetingelsene for fisk og øvrige naturlig forekommende plante- og dyrepopulasjoner forringes minst mulig.
- b. å kompensere for skader på den naturlige rekruttering av fiskestammene ved tiltak,
- c. å sørge for at fiskens vandringsmuligheter i vassdraget opprettholdes og at overføringer utformes slik at tap av fisk reduseres,
- d. å sørge for at fiskemulighetene i størst mulig grad opprettholdes.

II

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å sørge for at forholdene for plante- og dyrelivet i området som direkte eller indirekte berøres av utbyggingen forringes minst mulig og om nødvendig utføre kompenserende tiltak.

III

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å sørge for at friluftslivets bruks- og opplevelsesverdier i området som berøres direkte eller indirekte av anleggsarbeid og evt. regulering tas vare på i størst mulig grad. Om nødvendig må det utføres kompenserende tiltak og tilretteleggingstiltak.

IV

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å bekoste naturvitenskapelige undersøkelser samt friluftslivsundersøkelser i de områdene som berøres av utbyggingen. Dette kan være arkiveringsundersøkelser. Konsesjonæren kan også tilpliktes å delta i fellesfinansiering av større undersøkelser som omfatter områdene som direkte eller indirekte berøres av utbyggingen.

V

Alle utgifter forbundet med kontroll og tilsyn med overholdelsen av ovenstående vilkår eller pålegg gitt med hjemmel i disse vilkår, dekkes av konsesjonæren.

6. Automatisk fredete kulturminner

Konsesjonæren plikter i god tid før anleggsstart å undersøke om tiltaket berører automatisk fredede kulturminner etter kulturminneloven § 9. Viser det seg at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredede kulturminner, plikter konsesjonæren å søke om dispensasjon fra den automatiske fredningen etter kulturminneloven § 8 første ledd, jf. §§ 3 og 4.

Viser det seg i anleggs- eller driftsfasen at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredete kulturminner som hittil ikke har vært kjent, skal melding om dette sendes fylkeskommunens kulturminneforvaltning med det samme og arbeidet stanses i den utstrekning tiltaket kan berøre kulturminnet, jf. kulturminneloven § 8 annet ledd, jf. §§ 3 og 4.

7. Ferdsel m.v.

Konsesjonæren plikter å erstatte utgifter til vedlikehold og istandsettelse av offentlige veger, bruer og kaier, hvis disse utgifter blir særlig øket ved anleggsarbeidet. I tvisttilfelle avgjøres spørsmålet om hvorvidt vilkårene for refusjonsplikten er til stede, samt erstatningens størrelse ved skjønn på konsesjonærens bekostning.

Konsesjonæren plikter i nødvendig utstrekning å legge om turiststier og klopper som er i jevnlig bruk og som vil bli neddemmet eller på annen måte ødelagt/utilgjengelige.

8. Terskler m.v.

I de deler av vassdragene hvor inngrepene medfører vesentlige endringer i vannføring eller vannstand, kan NVE pålegge konsesjonæren å bygge terskler, foreta biotopjusterende tiltak, elvekorreksjoner, opprenskinger m.v. for å redusere skadevirkninger.

Dersom inngrepene forårsaker erosjonsskader, fare for ras eller oversvømmelse, eller øker sannsynligheten for at slike skader vil inntreffe, kan NVE pålegge konsesjonæren å bekoste sikringsarbeider eller delta med en del av utgiftene forbundet med dette.

Arbeidene skal påbegynnes straks detaljene er fastlagt og må gjennomføres så snart som mulig.

Terskelpålegget vil bygge på en samlet plan som ivaretar både private og allmenne interesser i vassdraget. Utarbeidelse av pålegget samt tilsyn med utførelse og senere vedlikehold er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med tilsynet dekkes av konsesjonæren.

9. Hydrologiske observasjoner, kart m.v.

Konsesjonæren skal etter nærmere bestemmelse av NVE utføre de hydrologiske observasjoner som er nødvendige for å ivareta det offentlige interesser og stille det innvunne materiale til disposisjon for det offentlige.

De tillatte reguleringsgrenser markeres ved faste og tydelige vannstandsmerker som det offentlige godkjenner.

Kopier av alle karter som konsesjonæren måtte la oppta i anledning av anleggene, skal sendes Statens kartverk med opplysning om hvordan målingene er utført.

10. Registrering av minstevannføring, krav om skilting og merking

Det skal etableres en måleanordning for registrering og dokumentasjon av minstevannføring, løsningen skal godkjennes av NVE. Data skal fremlegges NVE på forespørsel og oppbevares på en sikker måte i hele anleggets levetid.

Ved alle reguleringsmagasin og steder med pålegg om minstevannføring skal det settes opp skilt med opplysninger om manøvreringsbestemmelser og hvordan dette kan kontrolleres. NVE skal godkjenne skiltens utforming og plassering.

De partier av isen på vann og inntaksmagasiner som mister bæreevnen på grunn av reguleringene og overføringene må markeres på kart på opplysningsskilt og merkes og sikres.

For alle vassdrag skal det etableres og opprettholdes hensiktsmessige sikringstiltak av hensyn til allmennhetens normale bruk og ferdsel på og ved anleggene.

11. Etterundersøkelser

Konsesjonæren kan pålegges å utføre og bekoste etterundersøkelser av tiltakets virkninger for berørte interesser. Undersøkelsesrapportene med tilhørende materiale skal stilles til rådighet for det offentlige. NVE kan treffe nærmere bestemmelser om hvilke undersøkelser som skal foretas og hvem som skal utføre dem.

12. Luftovermetning

Konsesjonæren plikter i samråd med NVE å utforme anlegget slik at mulighetene for luftovermetning i magasiner, åpne vannveger og i avløp til elv, vann eller sjø blir minst mulig. Skulle det likevel vise seg ved anleggets senere drift at luftovermetning forekommer i skadelig omfang, kan konsesjonæren etter nærmere bestemmelse av NVE bli pålagt å bekoste tiltak for å forhindre eller redusere problemene, herunder forsøk med hel eller delvis avstengning av anlegget for å lokalisere årsaken.

13. Varslingsplikt

Konsesjonæren plikter å varsle NVE om navne- og/eller adresseendringer. Ved eventuell overdragelse av anlegget skal NVE godkjenne overdragelsen i forkant.

14. Kontroll med overholdelsen av vilkårene

Konsesjonæren underkaster seg de bestemmelser som til enhver tid måtte bli truffet av Olje- og energidepartementet til kontroll med overholdelsen av de oppstilte vilkår. Utgiftene med kontrollen erstattes det offentlige av konsesjonæren etter nærmere regler som fastsettes av Olje- og energidepartementet.

For å sikre at vedtak i medhold av vannressursloven blir gjennomført, kan den ansvarlige pålegges tvangsmulkt til staten, jf. vannressursloven § 60. Pålegg om mulkt er tvangsgrunnlag for utlegg. Når et rettstridig forhold er konstatert kan det gis pålegg om retting og om nødvendig pålegges stans i pågående virksomhet, jf. vannressursloven § 59.

Overskrides konsesjon eller konsesjonsvilkårene eller pålegg fastsatt med hjemmel i vannressursloven kan det ilegges overtredelsesgebyr, eller straff med bøter eller fengsel inntil tre måneder, jf. vannressursloven §§ 60a og 63 første ledd bokstav c.